



Signar Andre Skarsvaag
Røysetvegen 100
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1689 - 17/23830

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
27.04.2018

Godkjenning av søknad om jordpåfylling og planering av jordbruksareal Gbnr. 13/4 Røyset

Administrativt vedtak. Saknr: 95/2018

Saksutgreiing:

Søknaden kjem etter at kommunen vart gjort kjent med at det var tatt i mot massar på staden, kommunen vurderte tiltaket som søknadspliktig etter ureiningsforskrifta Kap. 4, §§ 4-1, 4-2 og 4-4.

Signar Andre Skarsvåg søker i brev dagsett 17.07.2017 om løyve til planering og retting av tilkjørte massar på eit jordbruksareal på gbnr. 13/4 på Røyset. Søker opplyser at han har trøng for å forbetre areala, då dei er bratte og lite egna til moderne maskinell drift. Arealet vert ikkje nytta til slått i dag på grunn av tilstanden. Søker har behov for meir slåtteareal for å kunne bli sjølvforsynt med vinterfôr til garden. Søker driv med sauehald.

Søker ynskjer å fylla jord på om lag 1, 1 daa på nedsida av løa i ein dal og på ca. 0,7 ved sidan av løa. Det er planlag å fylla på om lag ein meter med jordmassar på det omsøkte arealet. Massane er overskotsmassar frå eit utbyggingsprosjekt, og består i hovudsak av myljord med noko stein. Søker opplyser at massane må ligge i ro og sette seg før dei kan planerast, men at han vil så dei til for hand og halde det grønt før planering. Vidare er det planlagt å lage ein voll i stein i nedre kant i dalen for å halde massane på plass slik at det ikkje glir ut.

Vurdering:

Det omsøkte tiltaket vil bli vurdert som om det ikkje allereie hadde vore satt i gang. Søknaden er vurdert etter forureiningsforskrifta kap.4.

Ofte vil teigar som har vore nytta til slåttemark vere lite egna til maskinell hausting med dagens utstyr. Dette kan skyldast at areal er kupert, bratt eller at arealet er små. Det omsøkte arealet er i AR5 gardskartet i arealklassane fulldyrka, innmarksbeite og skrinn fastmark. Arealet er kupert og til dels bratt, og administrasjonen ser at det kan vere vanskeleg å hauste arealet på ein effektiv og god måte med maskin.

Massane er allereie fylt på det omsøkte arealet, og det skal ikkje takast imot meir massar på området. Etter at massane har blitt kjørt til staden har noko av dei glidd nedover i eit skogområde, og ligg i dag mellom grantre som står her. Noko har også erodert vidare ned på dyrka mark og ut eit sidevassdrag som ender i Brakstadvatnet, og grøfter på jordbruksareal lenger nede er vorte tette av jord. Det er uheldig at jordmassar vert vaska ut på dyrka mark og i vassdrag. Det er viktig dei massane som framleis ligg igjen i skogområde på nedsida av tippområdet vert liggande i ro, og ikkje fortsett ned på dyrka marka og ut i vassdraget. Det er difor viktig at vatnet som kjem inn i desse massane vert avskore og leda vekk eller leda gjennom i rør. Dette for at desse massane får setta seg, slik at ein unngår vidare utgliding/erosjon.

Det er planlagt at det skal fyllast på om lag ein meter i snitt på omsøkt areal, og basert på storleiken utgjer dette om lag 1800 m^3 . Det omsøkte arealet består av to ulike område kor det største på 1,1 daa ligg i helling i ein dal på nedsida av driftsbygningen på bruket. Når det skal fyllast massar på denne typen areal er det viktig at ein har god kontroll på vatn og massane. I utgangspunktet bør ein nytta tørre massar i helling for å redusera risikoene for utgliding og erosjon. Men ein kan nytta blautare massar om ein gjer dei rette tiltaka for å ha kontroll på massane. Det er planlagt å skyte ut stein som skal nyttast til å lage ein voll/demning. Denne skal holde massane på plass slik at ein ikkje får utgliding. Vollen er planlagd plastra med stor stein i nedre kant. Det er rekna at ein treng om lag 300 m^3 med stein til vollen, denne skal skytast ut i kanten der vollen skal etablerast. Etter uttaket av stein skal området fyllast at med jord.

Søkjær skal avskjere overflatevatn frå å komme inn i jordmassane, slik at ein unngår at massane vert tilført vatn når dei skal tørke. Vidare vil det å redusera avrenning frå massane vere vesentleg da tiltaket er planlagt i bratt terren. Det er viktig å hindra avrenning frå området og ned på arealet i botn av dalen. Søkjær opplyser at han vil så til arealet undervegs slik at dei vert liggande grøne under arbeidet. Dette for å hindre avrenning frå massane. Det er viktig at vollen som skal etablerast, vert lagd på ein slik måte at den kan ha ein sedimentererande effekt på det vatnet som kjem ut av massane, slik at ein stopper avrenning. Dersom det vert stor avrenning kan det ha effekt på nærliggande vassdrag i området.

Bygging av vollen vil medføre sprenging for å ta ut steinmassar til vollen. Dette kan medføre støy som kan vere til ulempe for naboar. Administrasjonen meiner at ved sprenging må det takast tilstrekkeleg omsyn til pelsdyrproduksjon og eggproduksjon som ligg i nærleiken for å unngå stress eller andre skader på dyra. Dette inneber at eigarane skal varslast og sprengingstidspunkt må avklarast med eigarane for å unngå belastning på dyra.

Administrasjonen har vurdert søknaden i medhald av Naturmangfaldslova (NML) §§ 8-12, jf. § 7. Etter ein gjennomgang av artskart og naturbase har ein ikkje funne noko registrert på eller i nærleiken til det omsøkte arealet jf. NML § 8. Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Tiltaket vil ikkje medføre auke utbygginga i området, men arealet har vore drive som jordbruksareal i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil få ein vesentleg auke, då bruken ikkje vert endra (jf. § 10). Naturmangfaldslovas §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at gjennomføring av tiltaket som omsøkt ikkje er i konflikt med §§8-12 i naturmangfaldslova.

Saken har vore sendt på høyring hjå Hordaland fylkeskommune og Meland kommune v/kulturavdelinga for å klarleggja om det er automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne på staden som kan komme i konflikt med tiltaket. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje motsegn, men ber om at ein under opparbeiding av vegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapselement som steingarder eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast, jf. Meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn til søknaden.

Konklusjon:

Etter ein samla vurdering vil administrasjonen gå inn for tiltaket, då det kan gje betre jordbruksareal men det må stillast klare vilkår om gjennomføring. Det har vore utgliding/erosjon frå massane som har blitt kjørt til staden, delar av desse ligg nedanfor omsøkt areal i skogen. Desse massane må ligga i ro slik at dei kan sette seg. Vidare må vatn leiast vekk i rør slik at det ikkje vert meir erosjon eller utgliding. Administrasjonen meiner at den omsøkte vollen må byggast for å sikra at dei massane som er kjørt til i dalen ikkje glir ut. Det er viktig at alle areala som har fått tilført massar vert sådd til og halde grøne i perioden før og under planeringsarbeidet. Dette for å sikra at det ikkje vert meir erosjon frå massane. Det er også positivt for å få i gang jorda som dyrkningsmiddel.

Vedtak

"Meland kommune gjev med heimel i forskrift om begrensning av forurensning kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt §§ 4-4, 4-5,4-6 og 4-8, løyve til jordpåfylling, planering og opparbeiding av voll på gnr. 13 bnr. 4 på Røyset i Meland kommune. Løyvet gjeld berre for omsøkt areal på ca. 1,8 daa avmerka på kart, og tiltaket skal gjennomførast innan 13.04.2020.

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Signar Skarsvåg og Magne Hope As står ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
- Det skal ikkje fyllast på/ takast i mot meir massar på areala enn det som eventuelt er naudsynt til opparbeiding av omsøkt voll og tildekking av uttak av stein.
- Det må berre nyttast på reine jord- og steinmassar. Kvart lass skal så langt så råd vere dokumentert.
- Drift av anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
- Det skal takast tilstrekkeleg omsyn til nabobar som driv med egg- og pelsdyrproduksjon ved sprenging. Dei skal informerast før sprenginga skjer, og sprenginga må gjerast i samråd med eigarane i høve til val av tidspunkt.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekninske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsatt av Landbruksdepartementet.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning, og i nedbørrike periodar må det ikkje flyttast massar inne på området.
- Massar som ligg i skogholte på nedsiden av tippområdet skal liggja i ro, og overflatevatn må ledast vekk frå desse massane for å unngå erosjon/utgliding.
- Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg og haldast grønt gjennom anleggsperioden.
- Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
- Meland kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning.
- Meland kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta og godkjenne arbeidet. "

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikning / Kart.pdf

B_1

B2

Plantegning
Tiltaksskisse

Kopi til:

Magne Hope AS

Mottakere:

Signar Andre Skarsvaag

Røysetvegen 100 5918

FREKHAUG